

Danielsen videregående skole  
Nygaten 8  
5017 Bergen.

Til Det Kongelige Kunnskapsdepartement  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo.

Bergen 1. januar 2007.

## **Ny privatskolelov – høringsuttalelse fra Danielsen Videregående skole.**

Danielsen videregående skole (DVS) vil først (del A) kommentere et punktet i lovforslaget til ny privatskolelov som ser ut til å være meget dramatisk for skolen. Det gjelder lovforslagets § 1-2 om kjøp av opplæringstjenester.

I en del B vil vi så kommentere det vi ellers finner positivt og negativt i lovforslaget.

### **A. § 1-2 Kjøp av opplæringstjenester.**

En ny formulering gjør det klart at loven ikke skal gjelde kjøp av opplæringstjenester. Ved Danielsen Videregående Skole (DVS) er vi urolig for at denne formuleringen vil komme til å sette en stopper for skolens 18 år gamle tilbud om å ta VKI ved skoler i USA. Tilbudet startet etter korrespondanse med departementet i 1989 og til nå har ca. 450 av skolens elever tatt sitt 2. skoleår på denne måten.

Den store forskjellen mellom dette tilbudet og andre utvekslingsprogrammer har vært at DVS før, under og etter året i USA har fulgt opp elevene på en måte elevene og deres foreldre har fortått å verdsette svært høyt. Skolen har lagt til rette for dette oppfølgingsarbeidet på følgende måte:

- **Før elevene reiser:**  
lærere i utvalgte fag har forberedt elevene på den undervisningen de får ved USA-skolen og om oppfølging fra DVS.
- **Gjennom året:**  
lærere har stått i kontakt med elevene ved skolebesøk i USA etter behov og noe ved bruk av internett. Dette gjelder særlig i fagene samfunnslære, norsk, 2SK, Norges-historie og geografi. Det gjelder også de 4 realfagene. I forbindelse med en 16 dagers ekskursjon rundt påske er det et betydelig tverrfaglig kulturstudium der bl.a. norsk emigrantlitteratur skrevet av norske utvandrere inngår. Dette studiet danner også grunnlag for særemnet i norsk.
- **I 2-3 uker etter hjemkomst i slutten av mai:**  
elevene har gått inn i et tre ukers intensivt oppfølgingsprogram. Dette gjelder særlig i norsk, samfunnslære og i studieretningsfagene.
- **I 3. klasse:**  
der det har vist seg at elevene fremdeles har kunnskapshull, har skolen tilbudt ekstra undervisning til dem som hadde behov for det. I norsk møter elevene 6 lørdager ekstra.

Dette er en kortversjon av det oppfølgingsarbeidet skolen har gjort hvert år. Til utdypning av dette arbeidet legger vi ved dokumentet "Students from the Danielsen skole at Hillcrest" som er en foreløpig rapport etter drøfting av DVS sitt tilbud på Hillcrest Lutheran Academy skoleåret 2007/08. **(VEDLEGG I)**

Vi tillater oss å mene at dette internasjonaliseringstilbudet har vært så banebrytende og har så mange positive ringvirkninger for elevene, for skolen, for hjemmene og for de samfunn som står bak skolen i Norge og skolene i USA, at skole-Norge ikke har råd til å miste det. Vi viser her til at Hordaland fylkeskommune ved Øystese Gymnas fant tilbudet så godt, at de i 1997 fikk vår hjelp til å etablere et lignende tilbud i USA. Dette eksisterer i beste velgående. Om betydningen av tilbudet sett i et litt større perspektiv legger vi ved en fersk artikkel ”Banebrytende undervisningsbru”, skrevet med tanke på jubileumsskriftet i anledning Danielsens skoler 75-års jubileum i september 2007. **VEDLEGG II**.

Tilbudet ble godkjent av departementet i en tid da internasjonalisering sto på dagsorden i skole-Norge. Å gi elevene et åpent vindu mot verden er ikke blitt mindre betydningsfullt med årene. Internasjonaliseringsperspektivet er da også ganske tydelig i følgende sitater fra formålsparagrafen til friskoleloven og til forslaget til privatskolelov:

- ”.. å førebu eleven til eit ansvarlig liv i eit fritt samfunn i ei ånd av forståing, fred, toleranse, likestilling mellom kjønna, og venskap mellom alle folkeslag, etniske, nasjonale og religiøse grupper ...”. §1-1,d.
- ”respekt for menneskerettane, grunnleggjande fridommar, kulturelle identiteten, språket og verdiane, nasjonale verdiane, respekt for kulturar som er ulike hans eller hennar eigen” osv. § 1-1,a-c.

Vi vil fremholde at Danielsens videregående internasjonaliseringsprogram gir ungdom i 16-19-årsalderen en unik mulighet til å nå de mål som her er skissert i formålsparagrafene. De bor et år i en kultur som er meget forskjellig fra deres egen. På Hillcrest bor de gjerne på rom med en amerikaner eller en koreaner og kommer meget tett på. De er en del av et dynamisk skolemiljø med undervisning og mange idretter som drives i en ganske annerledes skolekultur enn hva de er vant med fra Norge.

Elevene er med kamerater hjem i helger eller ferier og deltar på ekskursjoner. Rundt påske – når internatet er stengt – er de med på en 16 dagers ekskursjon arrangert for den norske gruppen til øst- eller vestkysten. Her gjør seg bl.a. kjent med institusjoner av stor internasjonal betydning, som for eksempel FN i New York og Parlamentet og andre severdigheter i Washington. På ekskursjonen ser man både lyse og skyggesider ved det amerikanske samfunnet. Emigrant-historien står også sentralt

Resultatet av dette unike året er ungdom som kommer hjem med en helt annen referanseramme enn da de dro. Møtet med fremmed kultur har utfordret deres egne verdier og holdninger og gitt dem en enestående mulighet til å bli mer reflekterte med økt respekt for menneskeretter, toleranse, vennskap mellom folk og andre kulturverdier. Et resultat av utfordringen er gjerne at de er blitt mer avklart og tryggere på hvem de selv vil være.

### **Konklusjon.**

Om Privatskoleloven skulle sette en stopper for dette enestående internasjonaliseringstilbudet, vil:

1. et av de mest vellykkede og best innarbeidete inter-nasjonaliseringstilbud i vgs forsvinne uten at skolemyndighetene har påvist noe negativt ved tilbudet
2. det være en urimelig forskjellsbehandling i forhold til off. skoler, sml. Øystese Gymnas som gir samme tilbud som DVS.

### Løsning.

Vi ber departementet om å finne en løsning der man kan få stanset uønsket kjøp av opplæringstjenester samtidig som tilbudet ved DVS kan fortsette. Dette kunne for eksempel gjøres ved at det i forarbeidene til loven tas inn en formulering om at forbudet mot kjøp av opplæringstjenester ikke gjelder internasjonale ordninger som alt er godkjent av departementet.

### B. Lovforslaget ellers.

Forslagsstillerne har sagt at de vil tilbake til den gamle Privatskoleloven fra 1970/85. Forslaget bærer også preg av det. Mange av de gode ordningene for skolene er derfor ført videre. Her kan nevnes noen viktige punkter:

- \* spesialundervisning og PPT § 3-6,
- \* skyss, § 3-7,
- \* helsetilsyn, § 3-8,
- \* kompetansekrav til undervisningspersonalet, § 4-2,
- \* ”rett til lønns- og arbeidsvilkår som i tilsvarende offentlig skole”, § 4-4,
- \* styresammensetning og styrets gjøremål, § 5-1 og 5-2,

Et nytt punkt i forhold til tidligere lover er ”Krav til skolens grunnlag”. § 2-1.

Skolene må ha bl.a. et ”religiøst” grunnlag for å bli godkjent. Det heter i høringsdokumentet: ”Kravet om et reelt religiøst grunnlag innebærer at den enkelte skolen må synliggjøre verdigrunnlaget i bl.a. stiftelsesdokumenter og i de læreplanene som skolene skal følge på det enkelte årstrinn/videregående trinn”.

#### Kommentar.

At skolene må kunne synliggjøre det kristne verdigrunnlag skolen er godkjent til å drive etter i skolens styringsdokumenter, er vi positive til. Samtidig mener vi det er viktig å betone at det å fastsette skolens verdigrunnlag må være skolens egen sak og ikke noe som staten skal overprøve. Bare på denne måte blir foreldreretten reell.

Vi vil for øvrig peke på følgende elementer i lovforslaget som vi i større eller mindre grad er kritisk til:

#### - **Navnet.**

Navnet på den nye loven skal være Privatskoleloven.

#### Kommentar:

Navnet friskoleloven er mer dekkende enn det misvisende privatskoleloven. Privatskole gir assosiasjoner til klassesamfunnet. Det blir et feil signal.

#### - **Friskoleretten §1-1.**

Gjeldende lov: ”Frittstående skoler som oppfyller dei krava som fylgjer av lova, har rett til godkjenning og offentlege tilskot.”

Ny lov: ” Formålet med denne lova er å medverke til at det kan opprettast og drivast private skolar...”

#### Kommentar:

”Rett til” er byttet ut med ”medverke til”. Privatskoleloven viderefører altså ikke rettighetsprinsippet fra friskoleloven. Skoler kan godkjennes etter en ”helhetsvurdering”, heter det i høringsnotatet. Det blir altså en politisk avgjørelse. – Samtidig gir departementet i høringsdokumentet sin tilslutning til menneskerettighetskonvensjoner som gir foreldre rett til å sikre sine barn

”undervisning i samsvar med deres egen religiøse og filosofiske overbevisning”. Ved å ta bort ”retten” og erstatte den med ”helhetsvurdering” svekker departementet foreldreretten og dermed friskoleretten på en alvorlig måte. I forhold til betoningen av menneskerettighetskonvensjonene blir lovforslaget da inkonsistent.

- **Voksne uten rett.**

Voksne uten rett til videregående opplæring skal ikke lenger kunne tas inn ved private skoler. DVS har i dag 19 elev-plasser uten rett.

Kommentar:

Etter forslaget blir voksne eneste elevgruppe som ikke skal kunne få et skoletilbud på kristen grunn. Dette vil skape problemer for en utsatt elevgruppe som gjerne har mislykkes og gjort dumme valg tidligere. Vi vet av erfaring med egne elever i denne kategori at en del av disse foretrekker et skoletilbud på kristen grunn. Det burde de fortsatt kunne få ved DVS.

- **Minimum 20 elever. § 2-2.**

Skolen må ha minimum 20 elever for å bli godkjent.

Kommentar:

Forslaget vil bety kroken på døren for flere eksisterende skoler og det vil bli vanskeligere å komme i gang med nye skoler. Det er klart at det alltid vil være ønskelig med flere enn 20 elever på en skole, men av hensyn til friskoleretten bør der ikke være noe minimumstall.

- **Ansettelsesfriheten.**

Forslaget fører videre Friskoleloven og Privatskoleloven her. § 4-2.

Kommentar:

Det er positivt at den bebudede lov ikke legger begrensninger på ansettelsesfriheten. Lovens forarbeider bør likevel ha med en betoning av hvor viktig ansettelsesfriheten er for de kristne skolene.

- **Økonomi.**

Kommentar:

Det er positivt at den ordinære tilskuddsordningen videreføres. Men det er negativt og urimelig at husleiestøtten er falt bort.

Med vennlig hilsen

For Danielsen videregående skole

Lars Johan Danielsen  
Rektor.

Vedlegg I: Students from the Danielsen videregående skole at Hillcrest. S. 5-6.

Vedlegg II: Banebrytande undervisningsbru. S. 7 – 13.

## VEDLEGG I

### **Students from the Danielsen vg. skole at Hillcrest.**

The Danielsen students are at an age of 17 and are accepted as junior students at Hillcrest. During their year they are to meet academic needs from both schools.

#### **The Norwegian system.**

In Norway there is a national standard that Danielsen vg. skole as a Christian private school has decided to be run according to. But the school has the freedom and the obligation to teach according to a Christian world view and Christian values and ethics.

In the Norwegian standard there is a national curriculum for each high school level. This means that the Danielsen students at HLA to an extent have to choose subjects from the Danielsen list of subjects. The themes and content of the subjects they choose at Hillcrest should have a content that is at the least on the same level and with the same amount of periods a week as in the Norwegian curriculum.

This way to do it is acknowledged by the Norwegian school authorities. The students therefore get full credit for the year and also receive scholarship from the government. The Danielsen vg. skole has the responsibility to examine the program and teaching that is offered at Hillcrest and secure that it also meets the Norwegian need. Therefore the principle and some teachers during the year visit.

Some of the themes and content taught at Hillcrest meet the Norwegian need very well, some partly and some are not on the Hillcrest program. The gap that exists must as much as possible be filled in by Danielsen vg. skole partly during the year and also after they have returned back home. To fill in gaps is also a reason for teachers from DVS to visit.

#### **The Danielsen/Hillcrest program.**

The program for the Danielsen students at Hillcrest is as follows. Some subjects are compulsory for all, and some electives.

##### **1. History.**

Up to 1850. Compulsory.

Number: All students.

Word history by Hillcrest (Preston: Western civilisations).

Norwegian history by DVS during the year.

Contact teacher from DVS: principal Danielsen who visits.

All students have modern history (after 1850) as seniors at DVS.

##### **2. Bible.**

Number: All students should normally take this. (Not compulsory by government).

All students have Christianity and some religions and –isms as seniors at DVS.

Contact teacher from DVS: Mr. Ystebø who visits.

##### **3. English (ESL).**

Norwegian textbook is used: Heien/Fretheim Focus 2. (Your teacher: Mrs. Doering).  
Elective.

Number: Half of the group or more.

The most of the students continue with this subject also as seniors.

Contact teacher from DVS: Mrs. Omenaas who visits.

**4. Mathematic.** (International).

a. For those choosing R2: Textbook that best matches the Norw. curriculum.

(Your teacher: Mrs. Brent Jaliot). Elective.

Number: 1/3 or more. All continue as seniors.

b. The rest of our group: 2P. Textbook that best matches the Norw. curriculum.

Contact teacher from DVS: Mr. Stava who visits.

**5. Chemistry.**

Could be honors. Elective.

Number: 1/3 or less. All continue as seniors.

Contact teacher from DVS: Mr. Lauvrak who visits.

**6. Biology.**

Could be honors. Elective.

Number: 1/3 or less. All continue as seniors.

Contact teacher from DVS: Mr. Lauvrak who visits.

**7. Physics.**

Elective.

Number: 1/3 or less. All continue as seniors.

Contact teacher from DVS: Mr. Stava who visits.

**8. French and Spanish.**

Elective.

Your level I or III.

Contact teacher from DVS: Mrs. Iversen who might visit.

**9. Other subjects from Hillcrest curriculum.**

In addition to 1-7 our students may choose subjects from the list according to Hillcrest's curriculum.

In addition to Norwegian history (1) the students will be instructed by a Norwegian teacher in the following subjects during the year:

**10. Sociology 2SK.**

Sociology. By Danielsen teacher (Mr. Bjornoy/Lie) who visits twice.

Hillcrest teacher G. Preston teaches sociology topics in cooperation with Mr. Bjornoy/Lie.

Number: 1/3 or less. All continue as seniors.

**11. Norwegian.**

Littearture and language. By Danielsen teacher (Ystebø) who visits twice.

Number: all students. All as seniors.

**12. Study hall.**

The Norwegian students could make use of 5 periods a week study hall for their special Norwegian program.

Lars Johan Danielsen

This paper is a report after visit by the principal at Hillcrest, Mr. Brue, at Danielsen vg. skole in Bergen in December 2006.

## VEDLEGG II

## Banebrytande undervisningsbru Danielsen vgs. viser veg i internasjonalisering

Av Asbjørn Ystebø

I kjølvatnet av siste heimskrigen, og under den "kalde krigen" på 1950- talet og utetter, var mange politikarar i den vestlege verda opptekne av å opprette og å styrkje venskapsband over landegrensene. Handelssamband og diplomati var uttalte verkemiddel for fredeleg sameksistens folk og nasjonar imellom. President Eisenhower i USA slo til lyd for "Sister City" - konseptet, og han oppmoda amerikanarane om å skaffe seg, og å byggje ut, slike ordningar med byar og folk i andre deler av verda. Krig måtte avverjast for all framtid. Kjennskap til kvarandre og trygge relasjonar var fredssak.

I denne samanhengen var den oppveksande slekt, representert ved skoleungdom og studentar, peika ut som plogspiss. Dei unge no voks rett inn i, og vart deltakarar i, den mest vidtfemnande utdanningsbølgja verda nokon gong hadde sett, ei bølgje som var kopla opp mot ei mest eksplosiv vitskapleg og teknisk utvikling. Denne utviklinga vart som ei sjølvdrivande internasjonal kontaktrørsle. Ein stor stimulans til global fred og økonomisk vekst skulle liggje i nærkontakt gjennom reise, utdanning, forskning og kulturutveksling.

Utover på 1970-talet hadde det i Noreg vorte vanleg med vidaregåande utdanning for alle. All utvikling hadde på den tida krympa verda, og ordet *internasjonalisering* hadde vorte eit omgrep som alle måtte ta omsyn til. I skoleverda tydde dette sjølvstøtt auka vektlegging på språkkunnskap, men også på at det var viktig å innarbeide internasjonale kontaktnett. Medan konjunkturane på denne tida svinga ned i fleire andre europeiske land, opplevde landet vårt sterk økonomisk vekst med m.a. oljeindustri, arbeidsinnvandring og auka status for Noreg i verdssamfunnet.

På ideelt grunnlag dreiv organisasjonar, til dømes American Field Service (AFS), elevutveksling mellom USA og andre land alt i 1950-åra. Opplegga her galdt for amerikansk ungdom som tok eit år som gjesteelev utanlands, og der han eller ho budde som familiemedlem i ein privat heim. På same vilkår kunne elevar på vidaregåande trinn frå andre land få eit skoleår i USA. Året ute var eit reint utanlandsår, noko som for norsk ungdom innebar at dei måtte ta om att det "tapte" skoleåret. Mange norske elevar hadde gode røynsler, og kom heim att med solide kunnskapar i engelsk, sjølvvorne kulturkunnskapar og ei utanriks kontaktflate.

I 1980-åra var *internasjonalisering* vektlagd svært mykje i norsk skoledebatt, ikkje minst når politikarar uttalte seg. Den europeiske nyorganiseringa i EU førte til at Utanriksdepartementet fekk til ei stipendordning på heilt avgrensa vilkår for elevar i vidaregåande skole som ville ta eit skoleår i eit EU-land. Elles var det nok framleis meir "skrik enn ull" når skoleverk og politikarar skulle røyndomsfeste orda sine om å *internasjonalisere* norsk skoleungdom.

### Ideen

Danielsen vidaregåande skole hadde tak i desse bakgrunnstrådane då *ideen* om å opprette ei *undervisningsbru* til USA vart kasta fram. Kanskje kunne det la seg gjere å etablere ei "filial"-ordning med ein eller fleire samarbeidsskolar, der inntil ein av klassane våre på

andreårstrinnet kunne ta eit heilt undervisningsår i amerikansk regi, men tilpassa norske fagplanar, styrt og kontrollert av vår eigen skole. I motsetnad til mang ein "flyge"-ide var denne ideen ikledd ein *strategi* om korleis eit varig utvekslingsopplegg kunne verkeleggjerast i USA. Vi måtte då ta omsyn til det skolepolitiske landskapet i Noreg, Danielsen skole sin ideologiske ståstad og kva vilkår som låg til rette i USA. Dertil måtte vi vurdere kva utdanningsgevinst elevane kunne få.

Om samarbeidspartnar(ar) i USA tenkte vi slik:

*Skolen (skolar) må tilby fagkrets og oppfylle fagkrava som ved vår eigen skole*  
*Skolen (skolar) må ha og fremje same livssynsfundament som vår eigen skole*  
*Skolen (skolar) kan fortrinnsvis vere knytt(e) til norsk innvandringmiljø i USA*

Reint praktisk måtte vi arbeide etter to spor samstundes. Samarbeidsskole/skolar måtte finnast i USA, og Kyrkje- og undervisningsdepartementet måtte kontaktast for godkjenning av opplegget.

Diskusjonen om denne ideen, og om realismen i å få han verkeleggjord, gjekk i det vesentlege føre seg i "sofakroken" på lærarrommet vinteren 1987/88. Her var rektor, administrasjonen elles og fleire lærarar involverte. Alle var nok positive, men eg hugsar at problemstillinga ein gong vart formulert slik: "Det høres fantastisk ut, men jeg spør: Er det realistisk?"

### **Rekognosering**

Utpå våren 1988 hadde skolen kontakt med Kyrkje- og undervisningsdepartementet, som stilte seg positivt til å godkjenne eit prosjekt dersom norske fagkrav på andreårstrinnet kunne oppfyllest. Departementet ville ikkje krevje detalj-likskap i pensum, men det vart presisert at fagtyngde i dei enkelte faga skulle vere tilsvarende den norske. Same omfang og nivå som i Noreg skulle vere det berande prinsippet.

Eit rådsmøte på rektors kontor konkluderte med at studieinspektør Arne Mikal Landro og underskrivne skulle reise til USA for å sonde skolelandskapet der, og å prøve å få kontakt med aktuelle skolar. Styret for Danielsen videregående skole vedtok å satse dei naudsynte reise- og opphaldsmidlane, vel vitande om at dette kunne vere eit bomskot.

Ved skoleslutt omkring 20. juni 1988 drog vi til Minneapolis. Der fekk vi kontakt med Danielson High Schools of Minneapolis, ein fagleg og sosialt velrenommert "Senior High" - skole med internattilbod. Skole- og opphaldspengar var noko høge ved denne skolen, og han hadde heller ikkje eit aktivt livssynsfremjande føremål i tråd med statuttane for vår skole. Eit slikt føremål hadde derimot Bethany School i same byen. Skolen her hadde sterkt bibel- og misjonsfokus, men stetta ikkje heilt fagplankrava som låg til grunn for allmennfagleg studieretning i Noreg.

Ferda vår bar etter eit par dagar vidare til Fergus Falls i Minnesota, der kyrkjesamfunnet Lutheran Brethren har hovudkvarteret sitt. Dette kyrkjesamfunnet kan historisk heimfestast til norske utvandarmiljø, sterkt prega av haugiansk vekkingstradisjon. Internatskolen deira, Hillcrest Lutheran Academy (H.L.A.) i Fergus Falls, gjev studietilbod på ungdoms- og vidaregåande nivå ("Junior High and Senior High - level"). Skolen ligg vegg i vegg med presteseminaret, der det også var bibelskole fram til for nokre år sidan. Her trefte vi ein skole som, frå vår side sett, kunne stetta fagkrava, tilbød elevane sine eit organisert og trygt buopplegg, og jamvel representerte eit attkjenneleg norskfarga lekmanmiljø.



Rektor Bill (William) Colbeck tok imot oss saman med tidlegare president for Lutheran Brethren, Omar Gjernes, då vi nokså "på sparket" dukka opp ved skolen deira. Raskt kom samtalen i gang om dei felles historiske trådane som ligg bak etableringa av Hillcrest Lutheran Academy og vår eigen livssynsskole, Danielsen videregående skole. Vi la fram ærendet vårt. Bill Colbeck lytta interessert, og nikka av og til med hovudet. Litt seinare sat vi med Colbeck åleine på kontoret hans. Vi spurde: "Kan de (Hillcrest) ta inntil fem elevar frå oss i eit slikt opplegg?" "Yes, we can (Ja, det kan vi)", svara han. Vi gjekk vidare: "Kan de ta inntil ti?" Roleg kom svaret: "Ja." Det same gjentok seg då vi spurde om dei kunne ta inntil 15 elevar på årsbasis. Deretter spurde vi: "Kan de ta ein heil klasse, 30 elevar?" Svaret kom akkurat likt: "Yes, we can (Ja, det kan vi)". Det skal ikkje stikkast under stol at vi sat med ei god, og litt underleg, kjensle.

Det skulle seinare syne seg at nettopp i denne augneblinken fall ei hovudbrikke på plass i det som frå hausten 1989 på ei vis gjorde Danielsen videregående skole til ein føregangsskole i *internasjonalisering* innom norsk skole. Ei anna hovudbrikke låg i det at skolestyresmaktene gav godkjenning.

I Seattle hadde formannen i sambandet Bergen - Seattle Sister City Association, Olaf Kvamme, tilrettelagt for eit møte med rektor for Seattle Lutheran High School. Vi såg mykje samanfallande mellom denne skolen og vår, og eit vidare samarbeid kunne ha vore interessant. Eit praktisk problem knytte seg til innkvartering, som her måtte baserast på private heimar. Dette gjorde at vi neppe kunne sende dit fleire enn eit par elevar kvart år. Vi hadde i Seattle også kontakt med rektoren for ein av dei større vidaregåande skolane i offentleg regi. Denne skolen stod tvillaust fagleg godt, men korresponderte ikkje direkte med livssynsbotnen ved vår eigen skole, og skolen hadde heller ikkje internatopplegg.

### **Prosjektet tek form**

Vel heime att innstilte vi overfor rektor og styret ved Danielsen skole på at vi i alle fall kunne starte opp samarbeid med Hillcrest Lutheran Academy, og at *første elevgruppa kunne sendast frå skolestart 1989*. Sjølv rådde underskrivne til at skolen burde sende med ein lærar, i alle fall første året, nettopp fordi vi som skole hadde eit ansvar overfor norske skolestyresmakter. Det galdt om å tryggje opplegget fagleg så vel som pedagogisk. Undervisningsinspektør Martin Ruud vart med som tilsynslærar skoleåret 1989/1990. Dette skapte tryggleik for elevane, samstundes som nyttige observasjonar vart gjorde.

Elevane vart innlosjerte på to-mannsrom. Vi søkte medvite om at kvar norsk elev, om mogeleg, skulle dele rom med ein amerikansk. Slik skulle våre elevar få tett kontakt med amerikansk ungdom og deira kultur, og ikkje minst tenkte vi at slikt romfelleskap skulle øve norskstalande til munnleg kommunikasjon på engelsk. Dette skulle kome i tillegg til at all undervisning skulle gå føre seg på engelsk, med H.L.A. sine eigne lærarar. Alle lærebøker var på engelsk. Språkleg utbytte skulle verte maksimalt, sjølv om Danielsen-elevane nok kom til å tale norsk seg imellom. Det synt seg då også at våre elevar knapt kjende seg språkleg mistilpassa etter to-tre månader.

Fagtilbodet skulle innpassast den norske fagplanen. Særleg stod vi overfor ei utfordring i norskfaget, der elevane heime i Noreg hadde fem timars undervisning kvar veke. Dette såg vi i samheng med tredjeårs - undervisninga, og med eit spesielt tilrettelagt norskopplegg under USA-opphaldet og eit intensivopplegg i faget etter at elevane var attende på vår eigen skole frå 1. juni, og ut skoleåret. Det særnorske stofftilfanget i t.d. geografi og historie kunne H.L.A. ikkje tilby. Difor tilrettela vi slik undervisning ved at fagdelane vart dekkja inn ved at

gjestelærarar frå vår eigen skole underviste. Sameleis har vi heile tida prøvt å innfri norske fagkrav ved tilleggsundervisning, m.a. i matematikk og samfunnskunnskap. Opplegget er vedvarande under evaluering, og der det er naudsynt, prøver vi å tilpasse. USA - elevane våre har kome vel så godt ut fagleg som dei som tok andreåret i vanleg opplegg i Noreg.

Sportsaktiviteten ved amerikanske skolar er langt meir omfattande enn ved norske. Danielsen - elevane ved H.L.A. har verkeleg fått noko å bryne seg på. Nokre av våre har hevda seg godt, t.d. i "basketball", og i fotball (av det norske slaget) har våre elevar vore med å løfte Hillcrest-laget oppover på serietabellen.

Frå norske folkehøgskolar kjenner vi til at internatlivet set krav til elevane, og stiller dei overfor utfordringar. Å leve med strenge reglar, og å måtte leve tett innpå andre, og framande, menneske er ein sosialiseringssprosess som kan koste, men samstundes øver den oss i innordning og i å ta ansvar. Nokre gonger har det også røynt på for enkelte av våre elevar på Hillcrest. Kulturskilnader, interessekonfliktar og personlege motsetnader er stikkord her. Som skole har vi alltid hatt ein direktekontakt med H.L.A. - leiinga når slikt har kome opp. Elevane har visst at dei hadde nokon der heimifrå som kunne gå inn i sakene deira. På eit internat med skoleungdommar skjer det heile tida noko, og vi har døme på elevar som trivst så godt at dei helst ikkje vil sjekke ut i helgene. Venskapsband for livet vert knytte. Andre tykkjer det er topp å få dra på gjesting i private heimar ei og anna helg. Slik lærer dei også om Amerika. Somme i Fergus Falls har skipa til elevkveldar for Danielsen-elevane heime hos seg, til dømes ektepara Arna og Sverre Stedjan, JoAnn og Willmor Gundersen, og Yvonne og Olaf Draxten.

Mrs. Joyce Bruns er eit omgrep for alle Danielsen - elevane ved H.L.A. Frå første dag øygnar ho meir enn nokon omstillingsproblematikken som våre elevar vart stilte overfor når dei kom til Amerika. Utvikling og påverknad hadde ført til litt annleis haldningar og tenkjemåte hos dei unge frå Noreg og dei unge dei møtte "over there". Obligatorisk lekselesing og dagleg leksetest var "nye" tonar for både den og hin som kom frå eit norsk skolesystem. Ikkje alle var heilt "happy", og heimlengt kunne melde seg, sterkast midt i november. Joyce Bruns var der, og med sitt vare vesen og si kloke innsikt fanga ho opp problem og undertrykte tårer. Sjølv no, fleire år etter at ho pensjonerte seg, er ho der for Danielsen-elevane. Gjennom sitt store kontaktnett trekkjer ho dei ut til Sons of Norway - treff, og tilrettelegg for utflukter m.m. Mang ein Danielsen - elev som har vore ved H.L.A., får varme kjensler ved tanken på Joyce Bruns.

### **Høgdepunkt**

Eit høgdepunkt under USA-opphaldet er den 17-18 dagars lange ekskursjonen i Amerika - kunnskap, førebudd m.a. gjennom eit 100 siders tverrfagleg prosjektheft om same temaet. Amerika vert her fagleg vinkla inn gjennom *historie, geografi og samfunnsfag*. Elevane vert stilte overfor norsk emigrasjon til Amerika, all-amerikansk historie, ikkje minst om etnisitet, menneskerettar og konstitusjonell tenking, livssyn og pluralisme, kulturovringar, naturfenomen o.s.b. Nokon har sagt at utsikta til å få ta del i denne ekskursjonen var motiverande for å søkje seg opptak ved Danielsen vidaregåande skole.

Ved påsketider har H.L.A. sin årlege vårferie ("spring break"). Elevane får dermed i praksis skolefri i mange dagar, medrekna påskefridagane. Desse dagane har vi gripe til nettopp å innfri kravet om tverrfagleg prosjektarbeid, slik det er uttrykt i norske fagplanar. Amerika gjev oss eit framifrå høve til å vinkle inn det tverrfaglege perspektivet, og samstundes er reiseopplegget høveleg for elevfelleskap. Bussreise, overnatting på motell og innlagde

matstopp er den ytre ramma. Annankvart år går turen vekselvis til Stillehavet og Atlanterhavet.

Dette reise- og fagopplegget vart tilrettelagt vinteren 1992/93 då underskrivne oppheldt seg med elevane for eit skoleår i Fergus Falls. Via vår gode kontakt i Minneapolis, Theodore (Ted) Kjeseth, kom vi i kontakt med ekteparet Fran og Stu Doerner. Utanom sitt daglege arbeid, tok dei stundom turar i kristen regi med sin eigen buss. Stu og Fran skulle verte våre trygge samarbeidspartnarar heilt frå ekskursjonen om våren 1993 til dei tok sin siste tur med oss våren 2004. Skolen, og elevane våre, er dei stor takk skuldig for eit framifrå samarbeid gjennom mange år. Ekskursjonane går vidare, no gjennom eit godt samarbeid med eit buss-selskap. Sjølv står vi for heile tilrettelegginga og gjennomføringa. Det brukar såleis å vere med minst to lærarektepar (fire ansvarshavande) på kvar tur. Når vilkåra har lagt til rette for det, har også nokre elevar frå skolen i Bergen fått reise med.

Frå hausten 1991 sende vi som skole utvekslingselevar i same forpliktande programopplegg som med H.L.A. til Cuyahoga Valley Christian Academy (CVCA), nær Akron i Ohio. Rektor hadde gjennom eit nettverk av kristne privatskolar i USA fått kontakt med, og oppretta avtale med, denne skolen. Årvisst har vi frå Danielsen vgs. hatt to elevar her. Opphaldet er basert på privat innkvartering, organisert gjennom skolen. CVCA er ein fagleg godt etablert skole, og i står i livssyn i evangelisk tradisjon, inspirert frå tyskprega immigrantmiljø. Også eit par andre skolar i USA har tidvis vore inne i samarbeid med oss. Denne alternative plasseringa av elevane har gjort vår skole i stand til å samanlikne undervisningstilbod i USA, og såleis auka evna vår til å heile tida evaluere kvaliteten i USA-prosjektet vårt.

Danielsen vgs. sitt nærvær i USA har også ført til kunnskap om, og kontakt med, fleire tilbod om utdanning på postgymnasialt nivå. Utsikta til å ta opp norske studentar gjennom samarbeidsprosedyrar med skolen vår, gjorde at økonomisk gunstige avtalar kunne setjast opp. Frå vår side la vi vinn på at berre velskikka elevar vart sende i ordninga. Dette opplegget har også synt seg svært givande for mange av våre tidlegare elevar. Texas Lutheran University har m.a. teke unna mange Danielsen-elevar i slik ordning. Vidare har ein del av våre tidlegare elevar studert ved Concordia College i Moorhead, Minnesota. Arbeidet med *internasjonalisering* har såleis gått vidare ved vår tilrettelegging enn berre til å omfatte gymnasnivå.

### **Økonomisk stønad**

Sjølv om USA-programmet var fagleg godkjent med og kom i stand i samråd med Kyrkje- og undervisningsdepartementet med rett til vanleg statstilskot til skulegangen, var det ikkje økonomiske støtteordningar for elevane i form av stipend og lånemidlar i Statens lånekasse for studerande ungdom (Lånekassen). Elevane reiste langt bort, og budde fjernt frå heimen, men hadde ikkje rett korkje til reise- eller bortebruarstipend. Flyreise og internatliv kosta. Synleg urimeleg kunne dette verke når t.d. ein hybelbuande elev ved Danielsen skole i Bergen miste stipend - og lånerett i Lånekassen idet han eller ho drog i opplegget vårt til USA. Regelverket var likevel klart. Utanlandsstuderande fekk normalt ikkje tilgang til slike midlar med mindre dei kom inn på "sophomore level" ved college eller universitet. Unntak var gjort for til dømes dei som hadde elevstatus i Utanriksdepartementets sitt elevutvekslingsprogram innom visse EU-statar. I Lånekassen fekk vi opplyst at skulle våre elevar få stipend- og lånerettar, måtte departementet gje direktiv om det. Departementet (KUD) vart kontakta, og gjorde det greitt at berre eit stortingsvedtak kunne føre til forskriftsendring her.

På denne bakgrunnen tok vi kontakt med leiaren for Stortingets undervisningskomité, Jon Lilletun. Frå sin ståstad som opposisjonspolitkar, arbeidde han for å endre forskriftene i Lånekassen slik at elevane i vårt gjennomarbeidde opplegg i USA, skulle få rettar til bortebruarstipend på linje med andre elevar som budde borte frå heimen. I salderingsdebatten våren 1996 vart saka vår her lagt i vektskåla frå opposisjonen, og med overvekt på ei røyst, vart endringa vedteken. Skolen vår si utdanningsbru til USA, som handfast og overtydande verkeleggjorde ideen om *internasjonalisering*, hadde fått gjennomslag også for rett til økonomiske tilskots- og lånemidlar i Lånekassen. Litt morosamt var det at underskrivne vart oppringt frå ein leiar ved hovudkontoret til Lånekassen i Oslo dagen før vedtaket i Stortinget. Han kopla meg som fjerdemann inn på ein trekantsamtale mellom seg sjølv, Lånekassen i Bergen sin representant og ein representant frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Spørsmålet deira gjekk direkte til oss ved Danielsen vgs.: "Kan du fortelle oss hva som nå går for seg i Stortinget om .....?". Det kunne eg. Vi var alt informert om at fleirtalet var sikra for positivt utfall om forskriftsendringa.

At elevane våre såleis fekk stipend- og lånerettar, vart eit nytt og, for mange, eit avgjerande vendepunkt. Hittil hadde økonomiske omsyn sperra ute ein del elevar frå å søkje seg inn i USA-klassen vår i USA. Medan vi hittil hadde hatt 20/25 elevar som kunne dra kvart år, vart det heretter slik at elevar flest kunne søkje om å få reise. Kvart år seinare har heile 30 elevar på andreårstrinnet vore utplasserte frå vår skole i USA. Hillcrest Lutheran Academy er på alle vis den sentrale samarbeidsskolen vår.

### **Vellukka internasjonalisering**

All kontakten via den undervisningsbrua vi som skole har oppretta med lærestader i USA, har ført med seg *internasjonalisering*, også for lærarane ved Danielsen vgs. Skoleåra 1989/90, 1992/93 og 1995/96 oppheldt høvesvis Martin Ruud, Asbjørn Ystebø og Lars Johan Danielsen seg i Fergus Falls. Dette hang saman med evaluering og vidareutvikling av USA - opplegget. Gjennom alle år har skolen vår, i kortare periodar, sendt over lærarar som skal "fylle opp" pensumdelar som ikkje utan vidare kan gjevast av dei amerikanske samarbeidsskolane. Den årlege ekskursjonen har gjeve godt fagleg og kulturelt utbytte, også for lærarane. Kvart år vitjar rektor frå H.L.A. Danielsen skole, og ved skoleslutt kvar sommar følgjer ein av lærarane frå H.L.A. Danielsen-elevane attende til vår skole. Ein gong for året kjem gjeste-elevar med lærar frå CVCA i Ohio på kortare gjesting til oss, og sameleis har elevar med lærar frå vår skole korttidsopphald på CVCA. kvart år. Ein kan trygt seie at vi ved Danielsen vgs. lever med eit ekko frå den store verda gjennom undervisningsbrua vår til USA, og skolen har synt veg for korleis tanken om *internasjonalisering* i norsk skole kan festast i røynda.

USA - programmet ved vår skole har då også vorte lagt merke til, og ved vår inspirasjon og hjelpande hand har den offentlege skolen teke etter. Etter kvart tok også andre skolar i USA kontakt med oss for å presentere sine studietilbod. Dette førte til at vi kunne setje Kurth Ystebø ved Øystese gymnas, og med det Hordaland fylke, i kontakt med *Wartburg College i Waverly, Iowa*. Dit kunne såleis denne skolen frå skoleåret 1996/1997 ved hjelp av oss formidle plass for sine elevar på postgymnasialt nivå i USA. Dette førte så til kontakt med *Saint Paul Lutheran High School, Concordia i Missouri*, ein vidaregåande skole innom den konservative lutherske Missouri - synoden. Etter samarbeidsmalen vår, og på grunnlag av den stipend- og låneordninga vi hadde medverka direkte til å få i orden, fekk Hordaland fylke v/ Øystese gymnas politisk godkjenning for sitt parallelle opplegg til vårt, med andreårs elevar frå eigen skole, og frå tilsvarande skolar i Hordaland fylke. Ved at vi hadde brøyt vegen, kunne vi følgjeleg hjelpe den offentlege vidaregåande skolen til å gå inn i det som for våre

elevar hadde vorte ei vellukka venskaps- og utdanningsbru til verda der ute. Hordaland fylke v/ Øystese gymnas sende sin første klasse, 22 elevar, av garde til Concordia hausten 1997. Endå eit handfast og vellukka *internasjonaliserings* - opplegg for norsk skoleungdom hadde vorte verkeleggjort, denne gongen i regi av det offentlege skoleverket.

Det vil alltid vere greiast å la utanforståande vurdere verdien av det ein sjølv har stelt i stand. Likevel må det for Danielsen vgs. vere på sin plass å oppsummere, evaluere og tenkje vidare om eit så særmerkt *internasjonaliserings* - opplegg som det vi her har prøvt å gi eit kort historisk oversyn over. Ein slik gjennomgang har vi som ansvarleg instans sjølv sagt måtta gjort oss for kvart år. No, ved skolen sitt 75 - årsjubileum, stoggar vi atter opp, også for dette fagpedagogiske utanlandstilbodet.

Attendemeldingane frå elevane i opplegget gjev skolen grunn til takksemd for dei 18 årskulla vi så langt har hatt høve til å sende over til USA, for å ta sitt andre årstrinn ved vår skole "over there". Vidare er vi takksame for dei gode meldingane vi har fått frå tidlegare studentar som vi fekk opna vegen for til universitet og college i USA. Fleire av desse (dei som hadde studert v/ Texas Lutheran University) samla seg til eit flott minnetreff sommaren 2006. Dette fann stad på Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta, nær Bergen. Ein representant frå Texas Lutheran University kom då over for å møte tidlegare norske Texas - studentar gjennom Danielsen - ordninga. Ein av desse , skolepsykolog Frode Eikum , gjorde opptakten til dette treffet, der også representant frå Danielsen vgs. var til stades. Ringverknadene av USA-programmet vårt er vi ikkje i stand til å måle, men vi veit at alle har fått stor nytte av studieopphaldet sitt, og at nokon har funne yrkesvegen sin gjennom det til internasjonalt relaterte yrke.

Mange av elevane vil nok meine at nettopp skoleåret i USA var viktig i deira utviklingsprosess til sjølvstendig reflekterande menneske. Møtet med andre kulturar og tankesett utfordra dei til å vege egne verdiar og haldningar. Sportsaktivitetane ved amerikanske skolar stimulerte deira fysiske, og vel også mentale, fostring. Deltaking i skolekor og musikkgrupper fekk fram og utvikla egne talent. Ikkje få har fått øving i å presentere seg framfor eit publikum både i ord, musikk og i idrett. Året i klasse 2E, utanlandsklassen ved Danielsen vgs., fremja respekt for menneskerettar, fridomsprinsipp og andre kulturverdiar. Året auka evna til å forstå verdien av toleranse, fred, likestilling og venskap mellom folkeslag. Justering av opplegget må vi alltid vere budde på, alt etter som endringar skjer i utdanningsverda, men røynslene så langt gjev oss god grunn til å ta USA - opplegget med oss inn i framtida.